



Notat

Dato: 10.07.2019
Arkivsak: 2019/13083-2
Saksbehandlar: bjolind

Til:	Utval for miljø og samferdsel
	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Tildeling av kontraktar for lokale båtruter i Osterfjorden og Geitanger - Knappskog

Fylkesutvalet vedtok 25.10.2018 kjøp av transporttenester for båtrutene Osterfjord og Geitanger-Knappskog. Føresetnaden var at tilbudet kunne driftast innanfor dagens kostnadsrammer og at dei involverte kommunane medverka til finansieringa med kostnadsdeling der kommunane finansierar til saman 50 % og Fylkeskommunen resterande 50 %.

Våren 2019 vart det lyst ut konkurranse om begge kontraktane. Begge konkurransane er gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (Anskaffelsesforskriften)/(FOA) del I og del III.

Etter gjennomføring av konkurransane er det no signert kontrakt for begge båtrutene.

Begge kontraktane er innanfor kostnadsramma som var sett av Fylkesutvalet som føresetnad for å kunne inngå kontrakt.

Båtrute Geitanger – Knappskog

Fleire Leverandørar viste interesse for kontrakten i den førebuande fasen. Innan utløp av fristen for å levera tilbud i denne konkurransen fekk Skyss likevel berre eit tilbud frå eksisterande leverandør.

Tilboden årspris er kr 410 000, som er dagens tilskot til denne tenesta. Kontrakt vart signert 3. juni 2019 med **Geitanger Transport AS**, som også er dagens Operatør pr. 1.6.2019.

Fjell kommune vil finansiere 50 % av tilskotet til båtruta.

Ny kontrakt om drift av sambandet gjeld frå og med 01.07.2019. Kontrakten gjeld i fem år til 1. juli 2024. Oppdragsgjevar har etter dette einssidig opsjon på å forlengje kontrakten med ytterlegare 1+1 år.

Båtrute i Osterfjorden

Til saman tre leverandørar søkte om å bli kvalifisert for å levera tilbod på denne kontrakten. Innan utløp av fristen for å levera tilbod hadde Skyss motteke eit tilbod frå **Osterøy Ferjeselskap AS**.

Tilboden årspris/«Årleg tilskott» er kr 1,3 mill., som er dagens tilskott til denne tenesta pr. 1.6.2019. Ny Operatør har avtale med noverande eigar av båten (Johannes Padøy) om å overta båten.

Samla driftstilskot		kr 1 300 000,00	
Andel HFK	50 %	kr	650 000,00
Samla andel kommunane	50 %	kr	650 000,00
Internfordeling av kommunal andel			
Vaksdal	42,5 %	kr	276 250,00
Osterøy	42,5 %	kr	276 250,00
Lindås	15,0 %	kr	97 500,00
Sum kommunal andel		kr	650 000,00

Ny kontrakt gjeld i 5-fem år frå 1.8.2019 til og med 31.7.2024. Oppdragsgjevar har etter dette einssidig opsjon på å forlengje kontrakten med ytterlegare 1+1 år.